

SKYTESKULE 2019/2020



Lyst til å prøve skyting som aktivitet? Jente eller gut – det spelar inga rolle – skyting er ein aktivitet for alle!

Hyllestad skyttarlag startar opp ny skyteskule måndag 9.desember kl. 17.30-19.30

Skyteskulen går over 5 måndagar i veke 50, 51, 2, 5 og 7 på innandørsbana i Hyllestad.

Det vert gjennomført ein teoretisk del kvar av kveldane. Etter ei teoriøkt avsluttar vi med skyting.

Program for skyteskulen

- **Dag 1: Sikkerheit**
- **Dag 2: Sikting**
- **Dag 3: Liggande skytestilling**
- **Dag 4: Avtrekk**
- **Dag 5: Oppsummering**

Etter skyteskulen håpar vi sjølvstapt at skyttarane vil fortsette med skyting, anten i ungdomsgruppa vår eller som senior. Vi har fellestreningar på onsdagar. Her er det også mogleg å vere med undervegs for dykk som går på skyteskulen.

Alle barn, ungdommar og vaksne kan vere med. Aldersgrense 9 år og oppover. Kurset er likevel basert på nybyrjarar eller ferske skyttarar. 1.kurskveld krev vi at føresette er med. Dette grunna stadfesting, signatur på bruk av ammunisjon under kurset mm.

Kursavgift kr. 600,- . I dette inngår undervisningsmateriell, ammunisjon og diplom.

Det må vere minst 5 deltakarar for at kurset vert helde, hjå oss kan de vere max 7 deltakarar. Her er det «første mann til mølla» som gjeld.

Påmelding til:

Karsten Birkeland – Epost: birkelandkarsten@gmail.com– tlf: 993 03 050